

Bosslauv.

Johannes Lid
Botanisk Museum, Oslo.

Hordaland.

Voss.
Lid gn 189 br 3.

Heime i grenda vår var det før vanleg at dei rakte bosslauv om hausten. Det vart gjort når det var fint ver seint på hausten etter nokre frostnetter så lauvet var felt, og det var i småskogen på skrapebøen (urydda slåttemark) dei rakte lauv. Ospelauv var fint, og så var det bjørkelauv, seljelauv og orrelauv og kanskje noko raunelauv og heggelauv. Slik var det heime på Lid. Andre stader var det òg hatlelauv, som det var på Bjørgum og andre solrike stader.

Lauvet skulle vera til å bysja med i grisegarden og i kalvastekkane om vinteren.

Eg minnest så vel ein haust eg var med på lauvraking då eg var liten gut, det var først i 1890-åra. Eg var med henne mor og henne Margreta, tenestetausa opp i Hagane ovantil Øvre Slettingafloten. Vi hadde med oss nokre sekker og eit par gamle døsser. Slike mest utslitne døsser var framifrå til å ha lauv i, helst dei som var femrifta og store. Det var å hyrpa dei i hop i livet og snu dei opp ned så vart dei som ein vid sekk. Det var utruleg kor mykje lauv det kunne gå i ei doss, og med haug på.

Det var dei to som rakte, eg stappa i sekkene og i døssene, var heilt oppi og trakka så det seig godt undav. Jamen var det moro.

Sidan kom han far og køyrd lauvet heim på meisaledse. Heime vart lauvet tømt i svala ved sida av låvefleken, og der auka det på når det var rakt lauv nokre dagar.

Denne lauvrakinga var til nyttes på ein annan måte og, det sparde på rydjinga om våren.

Då det leid om hundrearsskiftet vart det mindre med lauvrakinga på Lid. Då brukte vi mest småspon som vi fekk (eller kjøpte) på høvleriet ved Palmafossen. Det var ikkje så få lass som vart køyrd derifrå. Det meste vart brukt til boss, men noko òg til kveiksle.

Nå, etter at det meste av skrapebøen er tatt til kulturgeite, er det heilt slutt med å raka bosslauv. Grastustene står stride, og nautaruene ligg tett i tett bortetter der det var slåttemark før. Det er vel helst sagamod og småspon (kutterspon) dei brukar nå.

Botanisk Museum
Oslo 9 oktober 1959.

*Med helsing frå
Johannes Lid*